

TYSNES KOMMUNE



INFORMASJON TIL NYTILSETTE

Velkommen!


Me vil ønskja deg velkommen som medarbeidar i Tysnes kommune!

Me vonar at du vil trivast og oppleva arbeidsglede gjennom interessante arbeidsoppgåver med meiningsfylt innhald.

Som tilsett er du ein viktig ressurs for at me skal kunna gje gode tenester til innbyggjarane våre. Din, og andre tilsette, sin kompetanse er viktig for kvaliteten på dei tenestene me tilbyr. Me treng tilsette som er engasjerte i jobben sin, som deler av sin kunnskap, som bidreg til eit godt arbeidsmiljø og gjer Tysnes kommune til ein god kommune å bu i.

Tysnes kommune er ei øy gruppe litt sør for Bergen, med eit samla areal på 255 km². Innbyggjartalet er omlag 2800. Det er rundt 330 tilsette i kommunen fordelt på om lag 220 årsverk. Arbeidsplassane finn me over heile øya; barnehagar, skular, bufellesskap og sjukeheim for å nemna nokon. Administrasjonen er lokalisert i rådhuset på Uggdal.

Kåre Martin Kleppe er ordførar og politisk leiar for kommunestyret i Tysnes kommune. Steinar Dalland er rådmann og øvste leiar for administrasjonen. Organisasjonen ser p.t. slik ut:



Kva betyr det å arbeide i ein kommune?

Kommunen leverer tenester som er viktig i innbyggjarane sitt liv, faktisk leverer me tenester bokstaveleg talt frå krybbe til grav, med både jordmor og kommunalt tilset gravar. Me leverer også tenester for alle livets mellomfasar med barnehagar, skular, heimetenester og institusjonsopphald for å nemna noko. Me leverer tenester for å ivareta innbyggjarane sine liv og tryggleik gjennom legevakt, brann og ivaretaking av den kommunale beredskapsplikta. Som tilsett i Tysnes kommune er du med å skaper føresetnader for gode liv og kan vera ei støtte for innbyggjarane våre i både gode og vanskelege stunder.

For at me skal klara å leva opp til forventningar og krava til dei me tener, er me avhengig av at akkurat du er viljug til å bruka deg sjølv både gjennom dei tenestene du leverer og gjennom å gjera dine kollegaer gode!

Plikter og rettar

Tilhøvet mellom arbeidstakarar og arbeidsgjevar byggjer på prinsippet «yting og motyting». Arbeidstakaren stiller arbeidskrafta si til disposisjon for arbeidsgjevaren og motteke løn. Tilsetjinga er regulert gjennom ei rekkje lover, avtalar og sedvanar. Kommunane har eigen hovudtariffavtale som regulerer tilhøve mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar, me har også ein hovudavtale som regulerer tilhøvet mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde.

Arbeidstakar

Utfører arbeid i annan si teneste. Arbeidstakar stiller arbeidskrafta si til disposisjon og underordnar seg arbeidsgjevaren si leiing og kontroll av arbeidet. Alle tilsette i Tysnes kommune har plikt til å arbeida i samsvar med kommunen sine mål og planar, og retta seg etter dei instruksar og retningsliner som vert gjevne av overordna leiar.

Arbeidsgjevar

I Tysnes kommune er det kommunestyret som er arbeidsgjevar. I administrasjonen finn me leiarar som fungerer i arbeidsgjevaren sin stad. Øvste administrative leiar er rådmann, etat sjefane ligg direkte under rådmannen, medan leiarane på arbeidsplassane t.d avdelingsleiarar og styrar ligg igjen under etat sjefane. Arbeidsgjevar skal sjå til at rettar og plikter vert haldne i høve til gjeldande lover og avtaleverk. Arbeidsgjevar skal stilla krav og visa omsorg, skapa motivasjon og utøva leiing og forventa lojalitet.

Personalet er ein viktig ressurs, og kommunen har ansvar for at tilhøva er lagt til rette for eit godt og triveleg arbeidsmiljø.

Medverknad

Tilsette skal kunna ha medverknad over eigen arbeidssituasjon og arbeidsplass. Samarbeid, medråderett og medansvar frå arbeidstakarane er viktig for å skapa eit godt forhold mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar.

Ein kanal arbeidstakarane kan fremja sine synspunkt gjennom, er arbeidstakarorganisasjonane. Tillitsvalde er valde til å representera arbeidstakarane som er medlem av einskilde forbund. På dei fleste arbeidsstadane vil du finna ein tillitsvald (plasstillitsvald). I tillegg har nokre forbund hovudtillitsvalde som har til oppgåve å koordinera arbeidet til plasstillitsvalde. Leiar på arbeidsstaden vil informera om kven som er tillitsvald på din arbeidsstad og kven som er hovudtillitsvald.

Tysnes kommune har 12 verneområde. Hovudoppgåva til verneombodet er å ivareta arbeidstakarane sine interesser i saker som vedkjem arbeidsmiljøet. Verneomboda skal representera arbeidstakarane uavhengig av tilknytning til forbund. Av alle verneomboda er ein utvald til å vera hovudverneombod. Hovudverneombodet er medlem av arbeidsmiljøutvalet. Arbeidsmiljøutvalet si oppgåve er å arbeida for eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø.

Arbeidstakarane er og representert i administrasjonsutval (løn- og personalsaker), i attføringsutval (organ som arbeider for at yrkeshemma arbeidstakarar skal ha eit arbeid) og i AKAN-utval (arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Pensjonsordning

Pensjonsordninga i KLP-KommunalLandspensjonskasse- gjeld alle tilsette utanom lærarar, dei er i SPK, Statens Pensjonskasse. Arbeidsgjevar vil syta for at du vert meldt inn. Medlemskap i KLP/SPK gjev rett til ytingar som alderspensjon og uførepensjon. Alle tilsette betaler i dag 2 % av bruttoløna inn til KLP/SPK. I tillegg betalar arbeidsgjevar omkring 15 %. Pensjonsordninga garanterer tilsette ein

samla alders/uførepensjon på minst 66 % av pensjonsgrunnlaget ved full opptening. KLP- kontakt i kommunen er Liv Erichsen, SPK kontakt er Astrid Heldal. Dei er å finna på rådhuset i 2.høgda.

Livsfasepolitikk

Tysnes kommune har vedteke retningsliner for livsfasepolitikk. Hovudmålet er å ha ein arbeidsgjevarpolitikk som fører til at dei fleste arbeidstakarane kan oppleva at dei vert godt ivaretekne.

Yrkesskade- og gruppelivsforsikring

Ved yrkesskade eller yrkessjukdom får alle arbeidstakarane erstatning etter dei reglar som gjeld. Arbeidstakar vil og koma inn under gruppelivsforsikring, dvs. at det ved dødsfall vert betalt ut ein eingongssum til ektefelle/sambuar som har vore forsørgd av arbeidstakaren. Erstatning vert og gjeve når tilsett vert skada ved ulykke på direkte reise mellom heim og arbeidsstad og på tenestereise.

Alle tilsette vert frå 01.01.17 innmeldt i fritidsulykkeforsikring. Per august 2016,kostar denne forsikringa kr 184 per år. Det vil verta mogleg for kvar einskild tilsett å reservera seg for denne forsikringa.

Sjukelønsordninga

Tysnes kommune er ei IA-verksemd. Generelt gjeld bruk av eigenmeldingar ved sjukefråvær på inntil 8 kalenderdagar. Eigenmeldingar kan nyttast inntil 24 dagar per. år. Sjukemelding frå lege må leggjast fram ved lenger fråvær enn 8 dagar. Tysnes kommune sin politikk er at ein bør bruka opp eigenmeldingar før ein nytta sjukemelding. Retten til permisjon grunna barn eller barnepassar sin sjukdom kjem utanom.

Vert du sjuk og må vera vekke frå arbeid, må du gje melding til arbeidsgjevar så snart som mogleg og seinast fyrste fråværsdag. Eigenmeldinga vert å levera leiar fyrste arbeidsdag etter sjukefråværet. Du må ha vore tilsett i kommunen i 2 månader før eigenmelding kan nyttast. (gjeld og etter ein permisjon utan løn.) Leiar på arbeidsstaden vil kunna orientera deg nærare om dette.

Fråværsoppfølging

Det er utarbeidd rutinar for oppfølging av sjukemelde. Me ønskjer å skapa ein kultur der leiar og kollegaer viser interesse og omsorg for den som er sjukemeldt. Tysnes kommune ser det som viktig at kontakten mellom den sjukemelde og arbeidsstaden vert oppretthalde både ved kortvarig og langvarig sjukefråvær. Det er viktig at rutinane vert drøfta mellom ny tilsett og leiar, slik at du på førehand vert gjort kjend med dei rutinane som gjeld.

Bedriftshelseteneste

Tysnes kommune er tilknytt ekstern BHT som vil hjelpa oss ved behov.

Personalpolitiske reglement og retningslinjer

Tysnes kommune har vedteke reglement for intern varsling av kritikkverdige tilhøve. Tysnes kommune er avhengig av tillit frå innbyggjarar og andre for å kunna utføra sine oppgåver på ein best mogleg måte. Melding om kritikkverdige tilhøve er ønskjeleg for at kommunen skal nå sine overordna mål.

Det er elles utarbeida etiske retningslinjer for oss som tilsette i Tysnes kommune, det er viktig at du gjer deg kjent med desse.

Det kan elles nemna at det er egne reglement for permisjon, databriller, flyttegodtgjersle med vidare. Retningslinjer og reglement finn du på Tysnes kommune sin nettsat: www.tysnes.kommune.no

Kort om teieplikt

Som tilsett i offentleg teneste vil du i mange høve møta krav om lovpålagt teieplikt. Sjølv om mange tilsette ikkje kjem inn under den lovfesta teieplikta, er det viktig å vera medvitne om kva ein som tilsett seier i det offentlege rom. Det er også ei

Dette skrivet er meint å vera ei kort orientering til tilsette om organisering, rettar og plikter, samt ulike ordningar som gjeld for tilsette i Tysnes kommune. Me vonar du finn svar på nokre av dei spørsmåla du har som ny tilsett. I den første tida vil du ha nytta av å venda deg til kontaktpersonen som er peika ut og leiaren på arbeidsstaden din.

Me voner du vil trivast i Tysnes kommune !